

# Kva kan bønder i Rogaland søke Innovasjon Norge om i 2023?

Webinar onsdag 7. desember 2022 kl 9:00-11:00 på Teams

Landbrukspartnarskapet i Rogaland varsler framleis satsing på mjølkefjøs inntil 30 kyr med basis i gardens ressursgrunnlag. Små og mellomstore produsentar innan frukt/grønt/veksthus har også prioritert, det same gjeld tilleggsnæringer knyta til lokalmat, landbruksbasert reiseliv og Inn på Tunet. Med ein venta auke i IBU-potten på om lag 20 mill. kroner, vil unge bønder og saker innan dyrevelferd, miljøtiltak og distriktslandbruket få meir fokus. Det kan også bli rom for å vurdere tilskot til andre produksjonar som sau og storfekjøttproduksjon om dei scorar høgt på eitt eller fleire av nemnte punkt, og planlagt produksjon er godt forankra i ressursgrunnlag på garden og spesielt beiteareal. Eksisterande produsentar blir prioriterte medan prosjekt som inneber større produksjonsauke har ikkje prioritert.



Målgruppe: Bønder, kommunal landbruksforvaltning, rekneskapslag, næringssjefar, næringshagar og andre interesserte

**Elektronisk [påmelding innan 5. desember 2022](#)** på statsforvalteren.no/rogaland under kurs og konferanse. Gratis deltaking.

Dagen før webinaret får du ein invitasjon via Teams. Dersom du ikkje finn lenka, sjekk søppelposten din om lenka ligg der.

## Program

- Velkommen og status i næringa og overordna prioriteringar for 2023 ved Anfinn Rosnes, Statsforvaltaren i Rogaland
- Bonde Torstein Melhus Barkved, Bjørheimsvik, delar sine erfaringar frå planlegging til nytt fjøs stod ferdig i 2022, og om erfaringane med Innovasjon Norge og søknadsprosessen
- Kva er ein god søknad til Innovasjon Norge og korleis blir sakene vurderte i høve til nye prioriteringar for 2023. Kan midlar til idéavklaring, bedriftsnettverk eller vekst være aktuelle for deg? Ved Olav Tegle og Aart Magnussen, Innovasjon Norge Rogaland
- *Beinstrekk*
- Kort orientering om regionale kompetanse- og tilretteleggingsmidlar (RK og RT), Rogaland fylkeskommune
- Spørsmål og dialog

Arrangørar: Statsforvaltaren i Rogaland, Innovasjon Norge Rogaland og Rogaland fylkeskommune



Statsforvaltaren i Rogaland



Innovasjon  
Norge



Rogaland  
fylkeskommune